



Kjartan Sletten
Skauvegen 401 A
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16615 - 20/74187

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
19.11.2020

Melding om utført endring av matrikelopplysningar for våningshus på gbnr 45/1

Viser til brev frå Kjartan Sletten dat. 10/9 og 8/11 der de ber om endring av bygningstype frå einebustad med utleigeleilighet, til våningshus.

Våningshuset har etter tilbygg vore brukt som generasjonsbustad og bygningstypen vart då endra til 112 (einebustad med utleigeleilighet) og det vart oppretta 2 adresser på dette bygget.

No har de sendt inn dokumentasjon på at det er gjennomgang mellom husværa og byggesak har uttalt i brev til deg at samanslåing av desse då ikkje er søknadspliktig etter Plan og bygningslova.

Bustadhuset er no endra frå kode 112 til kode 113 Våningshus. Det er berre registrert ei buening i dette våningshuset og det vert for framtida også berre 1 adresse. Adressa 401B er sletta og di adresse er omadressert til 401- utan bokstav. Dette fordi det ikkje skal nyttast bokstav, så lenge det er berre ei adresse knytt til eit husnummer.

De treng ikkje melda flytting til folkeregisteret, men det kan vere greitt at de tek kontakt med NGIR og gir melding om at de har fått sletta ei buening- for raskare oppdatering.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får også melding om endringa.

De vil få eit formelt vedtak om adresseendringa.

Vedlagt ligg matrikelrapport for våningshuset før og etter endringa i matrikkelen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

45-1-våningshus før retting
45-1-våningshus etter retting

Mottakarar:

Kjartan Sletten
Ragnhild Sletten

Skauvegen 401 A
Skauvegen 401 A

5957 MYKING
5957 MYKING